

Referat frå styremøte nr. 7 – 2014

Dato: 17.10.2014

Tid: 10.00-13.00

Stad: Ålesund Kunnskapspark, møterom Ørnetua

Til stades:

Frå styret:

Styreleiar Anders Riise, Hareid kommune
Nestleiar Geir Ove Vegsund, Sula kommune
Styremedlem Arild Iversen, Volda kommune
Styremedlem Wenche Solheim, Ørsta kommune
Varamedlem Marit Elisabeth Larssen, Giske kommune

Frå administrasjonen:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal
Rådgivar Anne Mette Liavaag
Rådgivar Vegard Sperre Austnes

Forfall:

Styremedlem Eva Kristin Fjørtoft, Sandøy kommune
Styremedlem Synnøve Synnes, Ørskog kommune
Styremedlem Jarle Bjørn Hanken, Ålesund kommune
Varamedlem Bjørn Inge Ruset, Norddal kommune
Varamedlem Geir Inge Lien, Vestnes kommune
Varamedlem Jan Berset, Ulstein kommune
Varamedlem Erlend Krumsvik, Herøy kommune

Referent:

Vegard Sperre Austnes

Dato: 03.11.2014

Sak 45/2014: Velkomen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Anders Riise

Styreleiar ønska velkomen til møtet. Innkallinga vart godkjent. Dagleg leiar meldte til eventuelt sak om nytt fengsel på Sunnmøre.

Sak 46/2014: Godkjenning av referatet frå forrige styremøte 19.09.2014

Ved møteleiar Anders Riise

Referatet frå forrige styremøte vart godkjent utan merknadar.

Sak 47/2014: Sunnmøre regionråd sitt arbeid med kommunereforma

Ved prosjektleiar for kommunereforma i Sunnmøre regionråd, rådgivar Anne Mette Liavaag

BDO presenterte det pågåande arbeidet med å lage utfordringsnotat for kommunane i regionrådet. For BDO møtte direktør Sven-Erik Antonsen. Utfordringsnotatet skal bidra til gode lokale prosessar fram mot ny kommunstruktur.

BDO tok til orde for å sjå på dagens bu- og arbeidsmarknadsregionar på Sunnmøre. Frå styret vart det kommentert at ein må tenke framover i tid, f.eks. når det gjeld danning av nye regionar som konsekvens av nye samferdselsløyser. Vidare vart det kommentert at omgrepet «kvardagsregion» er eit interessant alternativt omgrep til bu-og arbeidsmarknadsregionar.

Ein kort presentasjonsfilm frå Arena Sunnmøre vart vist på styremøtet. Evalueringa av Arena Sunnmøre var sendt ut til styremøtet og syner stor tilfredsheit.

Når det gjeld forslag til framdriftsplan for vidare arbeid i 2014, så opplyste prosjektleiar at presentasjon av ferdig utfordringsnotat vert hovudsak på representantskapsmøtet 28. november 2014.

12. desember 2014 vert det eit nytt møte i regionrådet. På dette møtet er temaet sluttrapporten til regjeringa sitt ekspertutval som vert klar 1. desember 2014.

Prosjektleiaren orienterte vidare om at ein er i slutfasen med å velje leverandør til eit studietilbod innan innovasjon i kommunane (Innovasjonsskolen).

Frå styret vart det sagt at ein gjerne vil ha ei ny innbyggjarundersøking for 2015 for å sjå om det er utvikling frå undersøkinga i 2014.

Vidare vart det sagt at kommunane må få tid til å gjennomføre prosessvedtaka og at ein må ha spelerom i kommunane.

Styreleiar Anders Riise forlet møtet etter sak 47/2014 og nestleiar Geir Ove Vegsund då tok over som møteleiar.

Sak 48/2014: Orientering om regionrådet sitt arbeid med Sunnmøre i framtida

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Styret traff på forrige styremøte følgjande vedtak i sak 44/2014:

«Styret tek orienteringa til vitande. Styret ber om at administrasjonen tek initiativ til eit felles møte mellom samarbeidspartnarane i Sunnmøre i framtida-prosjektet for å drøfte mogleg samarbeid om oppfølging av prosjektet.

Styret ber om at Sunnmøre regionråd vert arena for ei sak om senterstrukturplan.»

Når det gjeld møte om senterstrukturplan så er det avtalt til 24. oktober 2014.

Dagleg leiar orienterte om at ein ikkje har ressursar til å køyre Sunnmøre i framtida no. Vidare sa han at det har vore eit møte med Ålesund Kunnskapspark AS i oktober, der ein snakka om å ha eit møte mellom samarbeidspartnarane frå Sunnmøre i framtida-prosjektet i november 2014.

I tillegg til Sunnmøre i framtida har Møre og Romsdal fylkeskommune sitt prosjekt for byregionane Ålesund, Molde og Kristiansund, medan Ålesund Kunnskapspark AS har eit byregionprosjekt knytt til Ålesundregionen.

Frå styret vart det sagt at utfordringsbiletet i Sunnmøre i framtida-prosjektet høyrer heime i regionrådet sitt arbeid med kommunereforma og Innovasjonsskolen, og kan takast inn der.

Det kan hevdast at Sunnmøre i framtida som prosjekt oppfylde sitt føremål når foresight-rapporten var ferdig utarbeidd i 2010. Sunnmøre i framtida kom til som prosjekt for å ha ein felles horisont for arbeidet med tilflytting til regionen og rekruttering av arbeidskraft. Sluttrapporten frå prosjektet seier kva som må til for at ein skal lukkast. Vidare arbeid må ha fokus på utvikling av strategi og ikkje minst gode prosjekt som kan bidra til å skape tilflytting og rekruttere arbeidskraft.

Vedtak: Styret ser vidare oppfølging av Sunnmøre i framtida i samanheng med regionrådet sitt arbeid med kommunereforma.

Sak 49/2014: Eventuelt

Fylkeskommunen si rolle som utviklingsaktør

Styremedlem Arild Iversen tok opp at regionrådet burde kome med ei forventning til Møre og Romsdal fylkeskommune som utviklingsaktør om å vere gode på prosess, dialog og medverknad.

Nytt fengsel på Sunnmøre

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar orienterte om at at det har vore møte med både statssekretær og statsråd om saka. Det er ønskjeleg å få tak i planleggingsmidlar til vidare arbeid.

I forhold til at ein konkurrerar med andre prosjekt på landsbasis, vart det diskutert at det kan vere ein fordel å ha avklart tomtespørsmålet. Det kan då vere ein idè å samle dei kommunane som ønskjer å stille med tomt.

Eit av konkurransefortrinna til nytt fengsel på Sunnmøre er idèen om samanslåing av fengselsvesen og friomsorg.

Om framtidige høyringsuttaler

Med referanse til regionrådet sin uttale om nytt sjukehus i Nordmøre og Romsdal tok nestleiar Geir Ove Vegsund opp om regionrådet skal vere meir forsiktig med å lage høyringsuttaler der det er meir naturleg at kvar kommune uttalar seg. Det vart kommentert at regionrådet kan leggje rette for uttalar utan å avgi uttale sjølv.

I styret var det semje om å ta det fra sak til sak om regionrådet skal avgi uttale.